Folgefonna
nasjonalparkstyre

Møteprotokoll

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**
Møtestad: Teams
Dato: 18.05.2026
Tidspunkt: 09:00 - 11:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Aga Haug	Medlem	Ullensvang kommune
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	Vestland fylkeskommune
Mette Heidi Bergsvåg Eikreim	Medlem	Etne kommune
Vegard Bjørnevik	Medlem	Kvinnherad kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn
Astrid Bakke Haavik

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 14/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 15/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 16/26	Framlegg høyringssvar - Folgefonna nasjonalparkstyre - utredning av organisering av verneområdeforvaltere		2024/18202
ST 17/26	Høyring av søknad om forlenga byggefrist for overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet i Kvinnherad kommune - Folgefonna nasjonalparkstyre		2026/8648
ST 18/26	Referatsaker		
RS 10/26	Protokoll til signering ST 1/26 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026		2025/17855
RS 11/26	Avtale Prosjekt innfallsport Buer moglegheitsstudie 2026 - SSA-O Generell avtaletekst	X	2026/5857
RS 12/26	Avtale Prosjekt innfallsport Rosendal 2026 Forprosjektering - SSA-O Generell avtaletekst	X	2025/18295
RS 13/26	Vedtak om overtredelsesgebyr for bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark - Nordisk Banijay AS	X	2025/19732
ST 19/26	Delegerte saker		
DS 7/26	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Fyking med drone for tilsyn av sau i området Andersfjell til Bjørndalstinden		2026/6883
DS 8/26	Utvida løyve - Folgefonna Nasjonalpark - motorferdsel - helikopter og snøskuter - utsetting av måleinstrument og undersøkingar - Universitetet i Bergen		2026/1541
DS 9/26	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Sauabrehytta		2026/5140
DS 10/26	Delegert vedtak - Løyve til landing med helikopter ved dårlege vértilhøve - Søknad om bruk av helikopter til Bondhusbreen inntak - Bondhusdalen landskapsvernområde		2026/190

ST 14/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 18.05.2026

Handsaming i møte

Styret diskuterer om sak 17/26 er innanfor styret sitt mandat å uttale seg på, elles ingen merknader til protokollen.

Vedtak

Styret godkjenner protokollen.

ST 15/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 18.05.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Vegard Bjørnevik signerer protokollen i lag med styreleiar.

ST 16/26 Framlegg høyringssvar - Folgefonna nasjonalparkstyre - utredning av organisering av verneområdeforvaltere

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 18.05.2026

Handsaming i møte

Innstillinga er samrøystes vedteke.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre sluttar seg i hovudsak til ei vidareføring av dagens organisering av verneområdeforvaltninga, kombinert med dei forbetringstiltaka som er foreslått i utgreiinga. Styret meiner at både alternativ 1 og alternativ 2 kan fungere godt, så lenge lokal forankring, tilstrekkelege ressursar, tydeleg rolleavklaring og styrkt kompetanse blir sikra.
Styret legg særleg vekt på:

- fullfinansiering og øyremerking av midlar til forvaltarstillingar
- tydeleg rolleavklaring mellom styre, forvaltar og statsforvaltar
- styrking av juridisk og fagleg støtte til forvaltarane
- systematisk opplæring og gode faglege møteplassar
- velfungerande forvaltningsknutepunkt med tett samarbeid med SNO og besøkssenter

ST 17/26 Høyring av søknad om forlenga byggefrist for overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet i Kvinnherad kommune - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 18.05.2026

Handsaming i møte

Styret er einige i at det er utanfor mandatet å meine noko konkret om søknaden om utvida byggjefrist for ein konsesjon som er utanfor verneområdet. Vidare ønskjer styret å invitere Statkraft til dialog om prosessane kring utbygging i Kvitnadalen, og delta på ei eventuell synfaring i samband med konsesjonssøknaden for Mauranger 2.

Vedtak

Styret har ikkje synspunkt i saka, då det er snakk om tiltak som ikkje ligg inne i nasjonalparken.

ST 18/26 Referatsaker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 18.05.2026

Handsaming i møte

Forvaltar orienterer om førebels status for bruk av tiltaksmidlane, dette vert teke opp som eige sak på neste møte.

Vedtak

Styret tek referatsakene til vitande.

ST 19/26 Delegerte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 18.05.2026

Handsaming i møte

Vedtak